

Sak til Samarbeidsutvalet

Går til:	Medlemene i utvalet
Dato:	09.12.20
Sakshandsamar:	Samarbeidssekretariatet (SSE)
Saka gjeld:	Status for handlingsplan 2020 Utkast til handlingsplan 2021
Saksnummer	51/20

I saka presenterer Samarbeidssekretariatet(SSE) ein samla statusrapport for arbeidet med felles handlingsplan for 2020 og forslag til ny handlingsplan for 2021.

Vedlegg i saka er:

1. Status for handlingsplan 2020 (sjå sak xx/20)
2. Utkast til ny handlingsplan for 2021 (vedlegg 1).
3. Rettleiar for deltaking i samarbeidsarbeid (vedlegg 2)

Bakgrunn

Handlingsplanen er eit viktig dokument som viser prioriterte tiltak for dei fire overordna samarbeidsutvala i føretaksområdet. Dei siste året har det vore ein kort og oversikteleg handlingsplan som prøver å tilpassa seg både ambisjonsnivået og ressursinnsatsen som partane legg inn i samhandlinga. Erfaringane med ein kort og oversikteleg handlingsplan har vore gode.

Gjennom heile 2020 har samarbeidsutvala fått jamleg orientering om status for arbeidet med tiltaka i gjeldande handlingsplan. Det er eit mål å halda fram med dette også i 2021.

Innhaldet i handlingsplanen

Handlingsplanen er delt inn i to hovudområde (avtaleverket og andre samhandlingstiltak). SSE tilrår vidareføring av forma på handlingsplanen og i 2021.

SSE har laga eit utkast til handlingsplan for 2021 sett saman av pågående tiltak frå handlingsplan for 2020, avtalar som er vurdert/meldt inn at har behov for revisjon og saker som er vedtekne av samarbeidsutvala og som vil krevje ressursar frå partane i året som kjem.

Nye tiltak som er føreslått på handlingsplanen for 2021 er:

- Punkt 1.7 Utarbeiding av samarbeidsavtaler/tenesteavtalar som møter dei to føreslåtte lovkrava til kva samarbeidsavtalane skal innehalda
 - o Kunnskapsdepartementet føreslår å innføre eit nytt krav om at samarbeidsavtalene mellom kommunane og spesialisthelsetenesta omfattar barn og unge (eit punkt 12 i helse- og omsorgstenesteloven § 6-2 første ledd).
 - o Helse- og omsorgsdepartementet føreslår å innføre eit krav om at kommunane og spesialisthelsetenesta avtaler korleis dei saman skal planlegge og utvikle tenester (eit punkt 13 i helse- og omsorgstenesteloven § 6-2 første ledd).

Felles utviklingsplan for samarbeid og samhandling vert vidareført i handlingsplanen for 2021. Denne planen kan kome til å utløyse ei trøng for revisjon av den overordna samarbeidsavtalen. SSE vil eventuelt fremje ei sak om dette når *Felles utviklingsplan* er ferdig handsama, mai 2021.

Det vil og vera naturleg at handlingsplanen må evaluerast etter at Felles utviklingsplan er ferdigbehandla. Tiltak frå Felles utviklingsplan (til dømes revisjon av overordna samarbeidsavtale) må vurderast å bli innfasa etter behandlinga i mai 2021. Andre tiltak må eventuelt flyttast til handlingsplan for 2022.

Forankring og deltaking i oppfølging av tiltak i handlingsplanen

Samarbeidsutvala si rolle er å følgje opp avtalar, utvikla og styra nettverk, felles prosjekt, konkrete samarbeidstiltak mv.

Samarbeidssekretariatet (SSE) si rolle er i hovudsak å bidra til gode prosessar i samhandlingsarbeidet. SSE skal bidra til koordinering, i igangsetting og tilrettelegging av arbeidet som er vedteke. SSE skal som hovudregel ikkje leia faglege arbeidsgrupper.

I fleire saker vert SUa bedt om å mælda inn representantar til ulike arbeidsgruppe/nettverksgrupper mv. Det er viktig at dei som vert oppnemnt til denne type oppgåver er kjent med si rolle og sine oppgåver i det bestemte arbeidet. I mars 2013 vedtok SUa ein rettleiar for deltaking i samhandlingsarbeid, denne rettleiaren inneheld og ei momentliste som kan vera nyttig å lesa gjennom for dei som vert meldt inn til arbeid med samarbeidstiltak i føretaksområdet.

SSE si tilråding:

Utkast til Handlingsplan 2021 blir lagt fram for Samarbeidsutvala og SSE ber om innspel til prioriteringar i planen.

Forslag til vedtak:

1. Samarbeidsutvalget for Bergensregionen tek SSE sin status for arbeidet med handlingsplan for 2020 til orientering.
2. Samarbeidsutvalget for Bergensregionen sluttar seg til utkast til handlingsplan for 2021 og ber SSE legge fram endeleg Handlingsplan til handsaming i februar 2021

Vedlegg 1: Utkast til handlingsplan for 2021

Vedlegg 2: Rettleiar for deltaking i samarbeidsarbeid